

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bremnes.

Emne: Skav.

Bygdelag: Rubbestadneset.

Oppskr. av: Halfdan Endresen.

Gard: ---"---"---".

(adresse): Rubbestadneset.

G.nr. 83. Br.nr. 33.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter 82 aar gml. hjemmelsmann.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Naudfôr.
  2. Som samnamn maa nerast reknas "lauv", elles ikkje.
  3. å skava  
skavar  
skavde  
skave.
- Andre meiner at denne bøyning er brukt: skjev, skov, skave.
4. I eldre tid var skav regulært forslag. Ikkje no.
  5. Raun, som var gjævast, dinest litt osp.
  6. Nei.
  7. Nei.
  8. Det var berre kua som fekk skav, og daa ifraa februar og utetter. Som regek fekk kuno skav til eit maal, men her er vel og dei som har blanda skav og høyr saman. Skav som krøtera ikkje ville eta, vart ikkje nytta.
  9. Kyr som fekk skav mjølka truleg noko meir. Ein fekk gulere smør og noko betre rjome.  
Tre-slag som ga usmak fekk krøtera ikkje.
  10. Bremnes har i eit par hundrad aar vore godtsom skogberr. Ein skavde av trei.
  11. Ikkje noko særleg namn.
  12. Sjaa spørsmål 10.

- 2
13. Nei.
  14. Februar- mars. Det andre spursmaal ukjend her. (Sjaa under 10.)
  15. Skavde etter-kvart, og der det høvde -t.d. paa tunet.
  16. Helst bandakniv, men ogsa tollekniv. Den vanlege bandakniv har som kjend handtak i baee ender, vin-  
kelrett paa bitstaalet.
  17. Noko spesielle redskap til bruk ved skaving kjenner  
ein ikkje her .
  18. Ukjend.
  19. Stokken styttta mot golvet og under brystet, forat  
kunne bruke begge hender paa skavkniven.
  20. Skavved.
  21. Ikkje særleg namn.
  22. Ein skjev tunne kjeppar-2 alen lange umlag.
  23. Ukjend. Kjeppen er tunn, Kubben tjukkere.
  24. Sjelve veden skal ikkje fygja med i skavet.
  25. Til baksteved og kokeved.
  26. Dei slutta med skaving her for umlag 60 til 70 aar  
sidan.

som nemnd var her lite tre paa Bremnes, difor nytta  
ein tare som naudfor og attaat-for.